

Det Norske Teatret set stor pris på å få lov til å komme med innspel om ein høgst naudsynt insentivavtale for ny norsk dramatikk. Som det største nynorskteateret i landet er vi opptekne av å motivere dramatikarar til å skape nye sceniske verk på det minst brukte av dei to norske skriftspråka.

I løpet av åra 2021-2023 fann det stad 28 urpremierer på Det Norske Teatret. Teateret har mykje kompetanse og erfaring knytta til utviklinga av ny dramatikk. Vi ser imidlertid at det kan bli vanskeleg å oppretthalde satsinga på feltet i framtida, dersom ei insentivordning ikke kjem på plass raskt. Den nye dramatikeravtalen vart framforhandla med Hurdalsplattforma som bakteppe, og har gjort det merkbart dyrare å sette opp urpremierer.

Det å satse på nyskrive dramatikk er risikabelt og arbeidskrevjande for teatera. Ukjente titlar sel som regel dårlegare enn kjente, og arbeidet med nye tekstar krev meir av teaterets tilsette, både kunstnarleg, administrativt og teknisk. Alle skal bevege seg inn i ukjent terreng. Når forskotet i tillegg er mange gongar høgare enn forskotet ein betaler for eit nytt utanlandsk stykke, eller for eit stykke som har vore vist før, så er det naudsynt med ei statleg ordning som kan vere med på å minske iallfall den *økonomiske* risikoen for teatera.

Det Norske Teatret meiner det er viktig at insentivordninga tar utgangspunkt i den nye Dramatikeravtalen som vart forhandla fram mellom Dramatikerforbundet og Spekter. Når Dramatikeravtalen ikkje nyanserer mellom verk som er ferdigstilt i forkant av prøvestart og verk som blir til undervegs, så kan heller ikkje insentivordninga skilje mellom desse. Det same gjeld verk med fleire opphavspersonar. Verken metode, arbeidsmåte eller genre kan være avgjerande for om eit nytt dramatisk verk fell inn under insentivordninga. Det kan heller ikkje vere avgjerande om verket er ei dramatisering av ein roman, eller eit anna kunstnarleg forelegg som finst frå før. Når den nye Dramatikeravtalen inkluderer dramatiseringar, så må óg ordninga gjere det, er vår meining. I motsett fall vil det bli eit endelaust og umogleg arbeid å vurdere kva som kvalifiserer for ordninga, og det er det ingen som tener på. Det avgjerande punktet må vere utelukkande om *teatret har utbetalt forskot for ein ny norsk scenetekst til oppføring etter dei prinsippa som Dramatikeravtalen slår fast.*

Norsk dramatikk er i ferd med å bli ein viktig kulturell eksportvare. For at denne positive utviklinga skal halde fram treng dramatikarane norske scener å debutere på. Det Norske Teatret vil gjerne vere med på denne satsninga vidare, og vi meiner ei insentivordning som garanterer for 50% av teaterets utgifter til forskot på royalty er det som skal til for at aktiviteten på dette feltet kan bli sikra.